# Venner – 2. trinn

<table>
<tr><th>Skjermen viser:</th><th>I timen:</th></tr>
<tr><td></td><td>Introduser temaet og start med å sjå Venner på skolen - YouTube</td></tr>
<tr><td></td><td>Kva ulike typar venner var det vi kunne vere?</td></tr>
<tr><td></td><td>Vi som går i klasse saman er klassevenner - kva betyr det?<br>Korleis er vi gode klassevenner for kvarandre?</td></tr>
<tr><td></td><td>Nokre her er også nabovenner, eller skolevenner eller andre venner i tillegg. Alle plassar der de høyrer saman i ein flokk skal vi vere snille og gode med alle som er på same plass!</td></tr>
<tr><td></td><td>Sjå BlimE-dansen 2013 - YouTube<br>Og syng og dans med!</td></tr>
<tr><td>Å vere ein god skolevenn - til læraren<br>Å vere ein god skolevenn - med elevane</td><td>Å vere ein god skolevenn- Bruk materiell og forklaringar frå den gråe boksa</td></tr>
<tr><td colspan="2">Leik smitteleken<br>Formål: Vise at handlingar smitter<br>Utstyr: Stolar i ein ring<br>Forklaring: Meininga med denne leiken er å vise at handlingar smittar. Når éin gjer noko, så gjer plutseleg fleire eller alle det same, så kva vi vel å gjere kan vere viktig. Sit i ring, eller på plassane i klasserommet, men bli einige om kva veg handlingane skal smitte. Læraren startar med å gjere noko (for eksempel riste med heile kroppen, gøyme ansiktet i hendene, hoppe opp i lufta, smile/le, vinke, danse, hinke, eller liknande). Dette spreier seg gjennom ringen/eller rundt i klasserommet frå person til person - og til slutt gjer alle det samtidig. Det er fint å bytte på å vere den som gjer noko først. Meininga er at leiken skal vere ein gradvis «smitteleik» der rørslene spreier seg bortover.<br>Når de har leika ei stund og alle sit på plassen sin igjen kan de snakke om at på same måte som desse tulle-handlingane smittar, så kan det smitte når nokon seier stygge ord, snur seg vekk, ignorerer, sender stygge blikk og slikt. Få fram at dei som fortset slike handlingar/ord er like ansvarlege som den som gjer det først. Og husk at også positive handlingar smitter! Kva positive handlingar ønsker vi skal smitte her i klassen?</td></tr>
<tr><td></td><td>Sjå Kindness by The Juicebox Jukebox - Be Kind Kids Song Childrens Music New World Kindness Day 2021 - YouTube Denne er på engelsk, men kanskje var det nokre ord elevane forstod? Kva ord kan dei om vennskap på engelsk?</td></tr>
<tr><td colspan="2">Introduser gjerne Oppdrag for friminutt - Livet og sånn (livetogsann.no) her.</td></tr>
</table>

<table>
<tr><td>
</td><td>Sjå Min dust - Marlon - YouTube og snakk om kva som skjedde i filmen, kva kan føre til at venner blir uvenner, og korleis kan ein gjere det bra igjen?<br><br>Å reparere relasjon, bruk det som ligg i den gråe boksa – der ligg også rettleiing for den vaksne.</td></tr>
<tr><td></td><td>Sjå MattyBRaps - SAD (ft Sarah Grace) - YouTube og snakk om kva som skjedde i filmen, korleis var det for Sarah når dei andre gjekk når ho kom bort til dei? Kan vi vere venner sjølv om vi er ulike?<br><br>Å handtere å bli avvist – bruk materiell frå «Å vere ein god skolevenn»</td></tr>
<tr><td colspan="2">Sjå Cute Friendship story, Cute animation video for kids - YouTube og snakk om det som skjedde. Kva kan vi lære om vennskap frå desse to?</td></tr>
<tr><td colspan="2">Enda ein film om vennskap de kan sjå og snakke om: Musikkvideo: ELLEVILLE ELFRID - Takk for at du er min venn - YouTube</td></tr>
<tr><td colspan="2">Litt Frosketid? Pust med en venn - YouTube</td></tr>
<tr><td colspan="2">Bruk gjerne fleire leikar frå dette leikeheftet: io.kommune.no/tjenester/skole-og-utdanning/robuste-barn/lekehefte/</td></tr>
</table>